




LØYPEMELDING BU- OG BLILYST

MIDTVEGSORIENTERING OM
BU- OG BLILYSTPROSJEKTET I ÅL KOMMUNE 2022-2025

V. PROSJEKTEIAR ANNE NORDHEIM
ÅL KOMMUNESTYRE 15.02.24





KORT BAKGRUNN:

Prosjekt 2022-2025 - oppstartsdato: 1.8.22

Prosjektorganisering:

Formannskapet: Styringsgruppe → Utviklingsavdelinga → prosjektleiar → prosjektgruppe

Prosjektmandat vedteke hausten 2022

Visjonar og premissar:

Kunnskapsbasert, tverrfagleg og samskapande tilnærming.

Bu- og blilyst = ei samfunnsfloke som krever
tverrsektoriell innsats.

Ein **prosess**, meir enn eit prosjekt -
innovasjon, prosessleiring og
designmetodikk supplement til tradisjonell PLP.




PROSJEKTFRAMDRIFT

Gjennom 2023-2024:
Hovudprosjektfase: Utprøving
av aktivitetar og tiltak

Haust 2022:
«Forprosjektfase» - definerte mål
og mandat, satte prosjektgruppe
og jobba med innsikt.

Haust 2025:
Avslutte prosjekt
- over i drift?



KUNNSKAPSBASET TILNÆRMING

01

KUNNSKAP- OG FORSKNINGSBASERT
TILNÆRMING SOM BYGGER PÅ ERFARINGAR
FRÅ ANDRE SITT BU- OG BLILYSTARBEID
NASJONALT OG REGIONALT.

02

BASERT PÅ ATTRAKTIVITETSMODELLEN TIL
TELEMARKFORSKNING
(KNUT VAREIDE M.FL)

03

BRUKE MEIR TID PÅ Å UNDERSØKE OG
KARTLEGG PROBLEMA OG UTFORDRINGANE
ENN Å UTVIKLE TILTAK OG LØYSINGAR
RIKTIG UTFORDRING = RIKTIG LØYSING!

04

EVALUERING OG DOKUMENTASJON.
PRODUKSJON AV NY KUNNSKAP BASERT PÅ
LOKALE FORHOLD:
KUNNSKAPSNOTAT OM HALLINGDAL UNDER
UTARBEIDING.

05

DREG NYTTE AV TILGJENGELEGE RESSURSAR
FRÅ DISTRIKTSSENTERET, HUSBANKEN OG
FJELLNETTVERKET + FYLKESKOMMUNE

06

SER LÆRINGS- OG NYTTEVERDI AV
REGIONALT SAMARBEID - GI OG FÅ!
ÅL TENER PÅ Å BIDRA REGIONALT, SJØLV OM
DET KREVER MYKJE ARBEID.





OVERORDNA MÅL:

ALLE SOM ETABLERERER SEG I, ELLER ALLEREIE
BUR I ÅL, SKAL HA DET BRA OG TRIVAST.

NÅR EIN FLYTTAR TIL ÅL SKAL EIN FØLE SEG SETT,
INKLUDERT OG RESPEKTERT,
JF. KOMMUNEDELPLAN 2015-2027.

SKAPE EI TREND DER:
FLEIRE FLYTTAR TIL, OG FÆRRE FLYTTAR FRÅ, ÅL.






EFFEKTMÅL

Når prosjektperioden 2022-2025 er over, har ÅI kommune:

1. Erfart at «bu- og blilyst» er eit **samskapingsprosjekt** der kommune samarbeider tett med innbyggjarar, frivilligkeit og næringsliv for å skape resultat og nå felles mål, og der alle kjenner eigarskap.
2. Erfart kva bu- og blilysttiltak som gir størst **effekt** og som bør prioriterast i åra framover, og på kva måte dei bør innrettast og for kven.
3. Danna oss eit klart bilet av korleis bu- og blilyst frå 2025 og framover, best bør innrettast i høve til kommunens tjenestetilbod og **drift**. Forslag til vidareføring av arbeid med bu- og blilyst blir nedfelt i sluttrapport.



PRIORITERTE OMRÅDER

BUSTADUTVIKLING

LITE VARIERT OG DYNAMISK
BUSTADMARKNAD ER BÅDE VEKSTBREMS
OG EI UTFORDRING KNYTTA TIL TRIVSEL
OG TILHØYRE.

POENGLAUST Å JOBBE MED BU- OG
BLILYST UTAN AT EIN SAMSTUNDES OGSÅ
ARBEIDER MED BUSTADUTVIKLING.

TRIVSEL OG TILHØYRE

Å SATSE PÅ LIVSKVALITET OG TRIVSEL
BLANT DEI SOM BUR HER, ER EIT AV
DEI VIKTIGASTE GREPA FOR Å OGSÅ
REKRUTTERE NYE INNBYGGARAR.

TRIVSEL = GODT OMDØMME =
HEIMFLYTTING OG TILFLYTTING


MEN! EIN MÅ JOBBE MÅLRETTA MOT
UTVALTE MÅLGRUPPER:
(ARBEIDS)INNNVANDRARAR, BORN OG
UNGE, OG UNGE & ELDRE VAKSNE.
ULIKE GRUPPER = HEILT ULIKE BEHOV!

INFORMASJON

UTAN GOD INFORMASJON OM
BULYSTARBEIDET BLIR DET INGEN
SAMSKAPING.

I TILLEGG VIKTIG DEL AV ARBEID MED
TRIVSEL OG TILHØYRE - INNBYGGARANE
(BÅDE NYE OG ETABLERTE) TRENG
INFORMASJON OM TILBOD OG
MØTEPLSSAR.

MEN IGJEN: ULIKE MÅLGRUPPER - ULIKE
BEHOV. DET FINST INGEN KJAPPE
LØYSINGAR...



MÅL FOR BUSTADUTVIKLING:

1. Betre tilgang på eigna bustader for dei som ynskjer å bu (leige, kjøpe og bygge) i Ål
2. At fleire fyrstegongsetablerarar skal få moglegit til å kome seg inn på bustadmarknaden i Ål. Auke interessa for sal/kjøp av bustader i kommunen
3. Kunnskaps- og behovsbasert bustadutvikling i heile Hallingdal inkl Ål. Utforsking av nye samarbeidsformer mellom kommunene, og mellom kommuner og privat næring.



TILTAK 1(2022): OMREGULERING HYTTE TIL BUSTAD

Prøveordning med å marknadsføre moglegheita for bruksendring av fritidsbustader til heilårsbustader hausten 2022.

Måloppnåing:

- Synleggjere Ål som bu- kommune for hytteeigarar
- Fleire innbyggjarar

Evaluering:

- 17 +2 har meldt flytting
- Eit “stunt”
- Ikkje prioritert å jobbe med vidare

Foto: Annonse i “Hyta vår” haust 2022.



Lev hyttedraumen på heiltid

God plass, unike naturopplevingar og eit stort kulturtild. Som hytteåling har du tilgang til alt dette og meir, i helger og feriar når du er på hytta. Kvifor ikkje prøve ut livet i Ål på fulltid?

Ål kommune har nemleg opna for at dei som har hytter i områder med vinterbreytt veg og som er kobla på vatn og avløp, eller har godkjent avløpsordning dimensjonert for heilårbs bruk, kan søke om mellombelts dispensasjon for å bruksendre hytta til heilårsbustad i inntil fem år. Det er ikkje saksbehandlingsgebyr på soknaden. Husstandar i kommunen som har straumavtale med Ål Kraftverk KF får communal straumrabatt i tillegg til statleg kompensasjon.*

Flytting på hytta må meldast til Folkeregisteret. Det er viktig å merke seg at det er búplikt i Ål kommune. Det vil si at ein må busette seg fast på hytta, eller leige den ut til fastbuande. Det blir gjort kontrollar for å sjå til at búplikta er overholdt.

Kontorfellesskap og barnehage

I Ål sentrum, under 20 minuttar køyring frå dei fleste hyttegrendene og i umiddelbar nærleik til Ål stasjon, er det mange gode kontorfellesskap. Dei kan tilby kontorplass, møterom, fibernett og andre fasilitetar. Og ikkje minst trivelege kollegaer og sosiale møteplassar.

Ål kommune har god barnehagedekning med fleire barnehagar i sentrum og grendene. Ved ledig kapasitet tildelast plass fortløpende gjennom året.

Varm velkomst i Ål

Frå våren 2021 til sommaren 2022 budde ekteparet Irene og Bjørn Eckhardt fast på hytta i Skarslia i Ål. Her har dei nyt naturen og hatt dyrelivet tett på. Dei har spent på seg skia rett utanfor døra og gått milevis i preparerte løyper, på vekedagar så vel som i helg. Og med bil var det berre ein kort køyretur til sentrum med butikkar og Ål Kulturhus sitt store tilbod.

«Å kunne bo permanent på hytta er ikke noe vi kunne gjøre uten god-kjennelse, selv ikke i frie Norge. Ål kommune har vært veldig smidige og velvillige innenfor reglementet. De burde holde kurs i hvordan å ønske nye innbyggere velkommen. Like etter at vi flyttet fikk vi innbydelse til middag, med foredrag om hva Ål kunne gjøre for oss nye. Det var mye.»
Bjørn Eckhardt,
fastbuande hytteåling.

Slik søker du:

Send ut nabovarsel til hyttenaboar. Adresser får du hjå Servicetorget. Legg ved søknad om dispensasjon frå reguleringsplanen.

Etter at nabofristen er utgått kan du sende søknaden om dispensasjon til Ål kommune saman med evt. merknader frå naboar, dine kommentarar til desse, og dokumentasjon på dimensjonert vatn- og avløpsanlegg og dokumentasjon på kartlegging av skred og flomfare.

Spørsmål?
Kontakt Servicetorget på tlf 32 08 50 00 for meir informasjon.

*Staten dekker 90% av gjennomsnittleg spotpris som overstig 70/kWh.
Ål kommune dekker 10%, slik at samla stønad vert 100%. Ordninga gjeldt i utg.pkt til 31.12.22, eller til det kjem evt. endringar i staten si ordning.

TILTAK 2 (2022): ANNONSERING OG SYNLEGGJERING AV KOMMUNALE BUSTAD- TOMTER I GRENDENE

Måloppnåing:

- Bedre synleggjering av tilgjengelege bustadtomter
- Historieforteljing, bedre kommunikasjon av mogleheter

Evaluering:

- 3 tomter er selt sidan hausten 2022
- Synleggjering ikkje nok? Handlar om tomtene og beliggenheit?
- Kan gjere nytt forsøk

Foto: Annonse av bustadtomter i Votndalen på Finn.no, omtale av Torpo og Opheim på aal.kommune.no



Legg til favoritt

Del

Inaktiv

Grøn og landleg idyll – store tomter
rett ved alpinbakke og sykkelstigar –
få eit aktivt liv på bygda!

3570 Ål

Prisantydning
185 360 kr

Totalpris
207 064 kr

Omkostninger
21704 kr

Hva vil denne boligen koste meg i måneden?

Pris på forsikring

Torpo og Opheim

Torpo er kjent som #denfinastebygda og kan by på eit heilt u-sosialt fellesskap, gode oppvekstvilkår og flotte tur- og rekreasjonsmogleheter rett utanfor døra. Her trivst både bo- og ungdom, småbarnsforeldre og godt vaksne.



Torpo og Opheim, kort oppsummert:


- Midt mellom Ål og Gol
- + Sentralt beliggande langs Riksveg 7
- Barnehage, grunnskule, nærbutikk og kyrkje
- Fleire lokale bedrifter
- V - Grendehuset Hugnadheim er bygda sin samlingsplass og eit knutepunkt
- Ta Hallingdal for folkemusikk og folkedans
- Opheim er eit landbruksområde i Torpo, med mange flotte gardsbruk
- Torpo har mange flotte turområder, og er eit eldorado for stisykling

Kommunale bustadtomter til sals på Torpo

- 15 el Ål kommune har fleire ledige bustadtomter til sals på Torpo:
- 15 el Ledige tomter i Bakken I bustadfelt: Furubakken 7 (tomt 6/42), Furubakken (tomt 6/40) og Moldbakken 1 (tomt 6/49).

Ledige tomter i Bakken II bustadfelt: Malmvegen 2, 3, 5, 7, 26, 27, 28, 30, 32, 35 og 37.





TILTAK 3 (2023-2024): TILSKOTT TIL FYRSTEGONGS- ETABLERERAR I ÅL

Målloppnåing:

- Prioritert satsing på førstegongsetablerarar og utvikling av bustadmarknaden
- Stimulere til bustadutvikling og dynamikk i bustadmarknad

Evaluering:

- Er evaluert i eigne rapportar, nøkkeltal: 76 tilsegn i 2023 - 58 hus kjøpt/bygd/under bygging per utgangen av 2023.
- Oppnådd blilyst meir enn tilflytting ?
- Men 1 av 4 som søker om tilskot p.d.d er tilflyttarar

Foto: Hallingdolen.no



Esther og familien har fått seg bustad på Hago. F.v.: Mor Esther Imanishimwe Kanisa, Raphael Ezekiel Karazega (6), pappa Aime Nsababera og Gabriel Patrick Karazega (4). Foto: Ragnar Hilde

Bustadstøtte sikra Esthers fyrste bustad: -
Eg er så glad at eg ikkje veit kor eg skal gjera av meg

 Esther Imanishimwe Kanisa har flytta til Hago i Ål med heile familien. Utan bustadstøtta hadde det ikkje vore mogleg.

TILTAK 4 (2023): “SUNDRE I DEI NESTE HUNDRE”

Sentrumsutvikling med første fase utført i 2023 - tiltak på og rundt parkeringshuset og Kulturhustorget.

Måloppnåing:

- Møtepassar
- Stadsutvikling og medverknad
- Attraktivt sentrum er sentralt for bustadutvikling og tilflytting

Evaluering:

- Samskaping med Sundre Vel og innbyggjarar
- Spennande å følge!
- Skjæringspunkt plan + bulyst + næring + utviklingsselskap

Foto: Hallingdolen.no



TILTAK 5 (2023-2024): BUSTADUTVIKLING I DISTRIKTA – REGIONALT PROSJEKT

Ål kommune har fått tildelt kr 250 000 av Husbanken og Distriktsenteret til “regionalt bustadutviklingsprosjekt” i 2024.

Måloppnåing:

- Innovasjon og nye samarbeidsformer.
- Behovskartlegging
- Offentleg-privat nettverk
- medverksnadsarbeid med innbyggjarar

Foto: Hallingdolen.no og SOME-post på polsk om kartlegging.

POMOZ NAM ZBUDOWAC
WIECEJ TANICH I
LEPSZYCH BUDYNKOW
MIESZKALNYCH W
HALLINGDAL

ODPOWIEDZ
TUTAJ:



Både innvandrarar og førstegongskjøparar seier mikrohus er interessant. Husa på biletet er i Kuluvegen i Ål. Foto: Ragn

Bustadfunn som kanskje kan løys felles floke

LEIAR




Hallingdølen meiner

Publisert: 01.02.2024 04:01

Det er vel ingen som får direkte bakoversveis når dei les resultatet av den store bustadundersøkinga i Hallingdal. Men enkelte funn er over middels interessant, og det finst nokre ganske enkle nøklar gjemt i materialet.

La oss ta det mest opplagde først; det store brølet av stemmer seier NEI, det er ikkje nok bustader å velje blant i Hallingdal. Og JA, prisnivået er for høgt. Dette får ikkje eit einaste pannehår til å legge seg bakover i






Kartleggingsarbeidet om bustader
utført i Ål og Hallingdal i 2023/
2024 + folkehelseoversikten for Ål,
gir masse kunnskap som bør
nyttast i kommuneplanarbeid!

Stat og fylke forventar
medverknad, fokus på sosial
bærekraft + fokus på bustader i
kommunale planar framover.
Andre kommuner har boligsosiale
planar, temaplanar om
bustadutvikling osv. Kva vil Ål?

Husbanken har mange verktøy
som vi kan og bør benytte oss av,
og Ål kan vere mykje meir
offensive med bruk av t.d Startlån
enn vi til no har vore.



Bustadutvikling: Kunnskap og læring så langt

Samarbeidet vi har med
utbyggjarar byrjar bli bra!
Bulyst i biblioteket,
bolignettverk osb. Men kan vi
som kommune nok? Lyttar vi
nok? Vi må lære oss
utbyggarøkonomi m.m

Bulyst + samfunnsplanleggjar +
folkehelse + helse
bør samarbeide tverrfagleg om
bustadutvikling og bustadsosiale
mål - særleg mtp bustader til
aldrande befolkning.

Innbyggjarane har behov for
meir proaktiv kommunikasjon
og rådgjeving frå kommunen
når det gjeldt bustader! Kan
me arrangere bustad-dagaar,
informasjonsmøter,
søknadshjelp el.likn.?



MÅL FOR TRIVSEL OG TILHØYRE:

1. Få dei som flyttar hit til å bli inkluderte i lokalsamfunnet og bli buande.
2. Få fleire flyktingar og andre med annan landbakgrunn enn norsk til å bli buande over tid, og utnytte deira ressursar og kompetanse betre.
3. Auke trivsel og tilhøyre, særleg blant unge vaksne.



TILTAK 1 (2022): KONTINUERLEG UTVIKLING AV VELKOMSTBREV OG VELKOMST-TREFF


Utsending av velkomstbrev med invitasjon til middag er etablert og fungerer godt. Arbeidsgruppe med Servicetenester, bulyst, frivilligsentral, introtjenester og Ål utvikling.

Målloppnåing:

- God mottaking av nye ålingar, positiv respons
- Utvikla med “goder” frå næringsliv
- Utvikla med å kartlegge kompetanse /interesser

Evaluering:

- Vidareførast, men må stadig utviklast
- Velkomstpakke - i staden for berre brev?
- Fleire språk
- Oppfølgingstreff



TILTAK 2 (2022): TRIVSEL BLANT TILSETTE I ÅL KOMMUNE

Ål kommune er største arbeidsgjevar i kommunen. Bulystprosjektet har brukt kommunen som prøvearena for å jobbe med korleis arbeidsgjevar kan bidra til å inkludere nye ålingar. Tverrfagleg arrangementsgruppe: Bulyst, Frivilligsentral, Folkehelse- og Frisklivskoordinator, tilsettrep.

Måloppnåing:

- Avhalde mange turneringar og treff, fokus på lagaktivitetar og fysiske aktivitetar
- Auka i storleik og deltaking - 150 på quiz i haust!

Evaluering:

- Vidareførast, men i større grad koordinert av HR
- Dele erfaringar med private verksemder i Ål - utvide deltaking evt?



TILTAK 4 (2023): BULYST I BIBLIOTEKET

Arrangementsserie etablert av prosjektleiar i samarbeid med biblioteket, med mål om å etablere ein uformell møteplass der innbyggjarane kan ha dialog med kommunen om bulystsaker. Altså: Medverknad.

Måloppnåing:

- 7 BiB-arrangement i Ål bibliotek
- 226 personar har delteke
- Tilskot frå Viken Fylkesbibliotek (midlar til Bibliotekutvikling) til gjennomføring
- Forfattarbesøk med Siri Helle og Ewa Sapiensynska
- Tema: Bustader, bustadtilskot, å vere polsk i Ål, uteliv/ utesader i Ål, å tørre å satse annleis på byga (gründerskap mm)

Evaluering:

- Viktig og god arena for innbyggardialog, skal ha “pause” våren 2024, men vidareførast i ein eller annan form seinare

Foto Kirsten Lucie Kvalvågnes/Ål bibliotek.




Biblioteka i
HALLINGDAL
ÅL KOMMUNE


VIKEN
FYLKESBIBLIOTEK

VELKOMEN TIL OPE MØTE 17.10

Tema: Å tørre å satse annleis på byga

Eit ope møte til inspirasjon og med informasjon til deg som har ein idé du vil sette ut i livet.





TILTAK 5: MØTEPLASSAR OG VELFOREININGAR

Samarbeid med velforeiningane på Torpo, Sundre og i Norbygdene , støtte opp om arrangement og tiltak. Bulyst med i styringsgruppa for badstova på Oppsjø Vasspark.

Målloppnåing:

- Tilskot til Jonsokfeiring Elvelangs i 2023 og 2024
- Bygdekvinneлага i Ål mars 2024
- Planlagt møte med Torpo vel i vinter
- Badstova allereie i ferd med å bli unik og attraktiv møteplass på tvers av alder og bakgrunn i Ål!

Foto: Faksimilie Hallingolen.no, Elvelangs venner, Ål kommune.



n nye badstova ved Oppsjø i Ål opna for bruk på nyåret. Den ser ut til å falle i smak. Magnhild Storøygard og na Huseby

**Bygda har fått splitter ny badstov
møter ein alle på tvers av sosial**

Badstova ved Oppsjø har opna for folket. Og ålingane, dei strøymer til for å teste grensene sine.

TILTAK 3 (2023): MØTEPLASSAR FOR UNGE VAKSNE

I tillegg til å støtte opp om velforeiningar/grendelag har me særleg fokus på møteplassar for unge vaksne.

Sommaren 2022: Bulyst, folkehelsekoordinator og ungd.frivilligsentral arrangerte Fjellspire for 20+ unge ålingar m. sosialt program.

F.o.m haust 2023: Framstøling, ein sosial klubb for unge vaksne, etablert. Bulyst bidreg med støtte til å organisere seg, etablere møteplass og ha aktivitetar.

Foto: Annonse for Fjellspire, Framstøling på Facebook.



Tacomiddag

Ål frivilligsentral - 18:00

KOMMENDE TORSDAG KL. 18:00

Framstøling spiser middag 🍔


Ål

Ingunn, Runa og 7 venner

Fjellspire i Ål kommune

☆ Interessert

sosial & aktiv sumar
for deg mellom 18-30



TILTAK 6: FOKUS PÅ MINORITETANE

2023/2024: Etablert eit samarbeid med det polske miljøet i Hallingdal, og heldt no på å planlegge eit besøk med ei stor gruppe frå Kazeberregionen i Ål hausten 2024 (siste helg i september).


Kulturhuset: "Velkommen, verda!" Programserie med fokus på ulike kulturar i Hallingdal og Ål fom hausten 2024.

Måloppnåing:

- Ulike tilflyttargrupper sine ulike behov
- Også søkt Stimulab (Digdir) om midlar til prosjekt som skal sjå på mottak av folk med annan landbakgrunn

Foto: Kazebe/ Wikipedia.no






Ulike tilflyttarar og innbyggjarar har ulike behov og det er ikkje ein "one size fits" all når det kjem til aktivitetar og møteplassar. Vi må jobbe for eit variert tilbod og å synleggjere moglegheiter.

Trivsel og tilhøyre høyrer også saman med dei fysiske miljøa og forutsetningane, og må sjåpast i samanheng med sentrumsutvikling og kollektivtilbod.

Vi må jobbe meir med medverknad og kartlegging også her! Veit vi nok om behov hjå ulike målgrupper?

Trivsel og tilhøyre Kunnskap og læring så langt



Arbeidsgivarane har eit stort ansvar for trivsel og tilhøyre. Kva gjer dei? Ønskeleg med meir dialog med næringsliv om dette framover.


Det skjer mykje bra på denne fronten og særleg for unge vaksne! Badstova, fredagspils m.m på Tanken, Framstøling, Bear house, festivalar osb. Det "blomstrar" i Ål og vi bør støtte og bidra.


Bulyst har ikkje enno arbeidd strategisk eller målretta med barn og unge som målgrupper men forskning seier at det bør vi. Godt oppvekstmiljø er alfa og omega for heimflytting seinare...



MÅL FOR: INFORMASJON & SYNLEGGJERING

1. Gjere det lettare for folk som er i ferd med eller vil flytte til Ål å finne informasjon og få personleg hjelp i prosessen.
2. Undersøke om det er interesse for Ål blant internasjonale livsstils- og arbeidstilstilflyttarar.
3. «Ei dør inn» for alle som vurderer/ planlegger å flytte til Hallingdal, med informasjon til 24/7-menesket: bu, arbeid, fritid.
4. Samle informasjon om «heile» Ål-samfunnet i ein kanal som er persontilpassa den enkelte:, inkludert: unge, eldre , hytteålingar osb.





TILTAK 1 (2022): FLYTT TIL ÅL – NETT

Tilgjengeleg informasjon på aal.kommune.no har ført til stor auke i henvendingar om bustader, arbeidsmarknad og flytting til Ål. I snitt ein henvendelse per veke.

Måloppnåing:

- Bistå dei som ynskjer å flytte hit med informasjon
- Synleggjere moglegheiter
- Samle informasjon på ein stad

Evaluere:

- Referansegruppe
- Kva manglar?
- Korleis best følge opp?
- Mottaksteam??

Flytt til Ål!

Drøymer du om å flytte til ei vakker fjellbygd? Ynskjer du deg eit godt kultur- og idrettstilbod, spennande jobbmoglegheiter og eit trygt oppvekstmiljø? Då er du velkommen til Ål!



Kontaktinfo

Ål kommune ynskjer å bistå alle som vil flytte hit med å finne seg arbeid, bustader og eit nettverk.

For spørsmål om å flytte hit kan du kontakte prosjektleiar for Bu- og blilyst, Anne Nordheim.

Epost: anne.nordheim@aal.kommune.no

Tlf.: 411 81 765

Kvifor Ål?

Ål kombinerer det beste med bygdelivet med eit kultur- og idrettsliv som liknar det ein finn i større byar. Her er det:

- Lågare levekostnader enn i storbyane – her kan du bruke tida på det som er viktig for deg!
- Kort reiseveg til skule, barnehage, helse og butikkar
- Varierte jobbmoglegheiter og behov for deg med utdanning og kompetanse
- Eit godt miljø for gründerar og deg som vil skape eigen arbeidsplass

TILTAK 2 (2023): EMIGRATION EXPO

Årleg messe for Nederlendarar og andre europearar som ynskjer å migrere. Ca 12 000 deltakrar.
Mange nederlendarar ser til Skandinavia - vi har noko som er attraktivt for dei!

Måloppnåing:

- Læring og erfaring frå deltaking i 2023
- Regionrådet skal delta i 2024
- Ein familie på fire + par med to pers flyttar til Ålia 2024.
- Sundre barnehage har fått ein ny tilsett i 2023 som vart rekruttert på messa

Evaluering:

- Er evaluert i eigen rapport
- Mottaksteam??

Liesbeth de Groot
28. oktober 2023 ·

På jakt etter utleiebolig
God dag!

Vi er familien De Groot. Vi bor for tiden i Nederland men neste år vil vi gjerne flytte til Ål. For å gjøre denne flyttingen mulig wer vi etter en utleiebolig.

Hva ser vi etter:

- Et hus som passer fire personer;
- Kjæledyr tillatt (vi har en katt);
- I Ål omegn (Leveld, Vats, Torp, Gol eller Hol). Vi vil gjerne bo i nærheten av barneskolen i Ål;
- Tilgjengelig fra februar/mars/april 2024;

Vennligst oppgi pris inklusiv vann, strøm og internett


Når det gjelder sikkerhet kan vi indikere at vi kan overføre et depositum og at vi får lønn. Litt om oss, Tobias (47) er brannforebygger og liker å trenre Tang Soo Do (koreansk karate), Liesbeth (44) er prosjektkoordinator, liker å bake or liker å lese en bok, Rebecca (13) går på ungdomsskolenof liker å gå på teater of Luuk (😎) går på barneskolen og liker å svømme .

Som familie liker vi å reise, å være ute i naturen, se film og kulturelle utflykter som museer of konserter.

Vi vår i Ål i sommer og nøt omgivelsene, bygda og de vennlige og hyhelige menneskenesom bor der.

Vi håper å komme i kontakt med en utleier gjennom denne samtalen, Hvis du vet om eller har en passende bolig send oss gjerne en melding, så tar vi kontakt med deg så snart som mulig.

For referanse ta kontakt med Anne Nordheim fra Ål Kommune.



TILTAK 3 (2023): INNBYGGARAPPEN



Innbyggarplattform som samlar info frå nettsider + andre kanalar i app som kan personalisast på bakgrunn av demografi, plassering og interesser.

Prosjekt igangsatt av “mobilisering av seniorressursen” i 2021, men utvida til å gjelde alle innbyggargrupper.

Utvikling var eit samarbeid mellom Servicetenester, frivilligsentral, Eldreråd, Kulturkontor, ungdomskonsulent og bulyst.

Evaluering:

- Kommunikasjonstiltak lukkast best når det er klare planer for drift i tillegg til implementering
- Innholdsproduksjon er krevande og tek tid
- Følge utviklinga i bruk over tid




Velkommen til Ål!

Ål-appen gir deg nyheter frå kommunen som er tilpassa deg og dine interesser. Her kan du følge med på lag og foreininar og ulike lokale emne som opptek deg.

Kom igang



👉 Vi lager ikke personlig informasjon, overholder GDPR-kravene og er opptatt av at dine data skal forbli dine private data.




Potensielle tilflyttarar og nytiflytta ålingar har eit stort informasjonsbehov. og "brukarreisa" startar lenge før dei kjem hit. Burde vi hatt eit tilflyttarteam som hadde ansvar for dei?

Kommunikasjonstiltak som t.d. some, nettsider, app'ar er tidkrevande og krev eigne ressursar. Må alltid vurdere gevinst/ nytte opp mot ressurs/tid.



Men når det er sagt:
Bulystprosjektet blir berre så
bra som det vi klarer å
formidle og informere
innbyggjarar og andre aktørar
om. Bulyst sit t.d. på mykje
kunnskap som kan bidra i
stadsutviklinga av Ål
framover - korleis formidle
dette?




Alle gode medverknadsprosessar startar med god informasjon!

Det er eit potensial i å samarbeide tettare mellom Ål utvikling og bulystprosjektet i synleggjering av moglegheiter og tilbod i Ål. Men igjen er det dette med ressursar...

Nye tjenester, plattformar osb må vere forankra i alle nivå av organisasjonen. Også førstelinja!



**HALLINGDAL
ER EI ØY**





... MEN DET ER IKKJE ÅL





BULYST I HALLINGDAL ++

GOL KOMMUNE

BULYSTPROSJEKT 2022-2024

TO PROSJEKTEIARAR -
AVSLUTTA I 2023

PROSJEKT EIGD AV ORDFØRAR OG
KOMMUNEDIREKTØR.

AKTIVITETAR:

- RINGE OPP (UTFLYTTA) GOLINGAR
- SOSIALE MEDIER - GOLIHALLINGDAL
- MØTEPlassAR:

TORSDAGSGLASSET + TILFLYTTERMIDDAG

NESBYEN KOMMUNE

BULYSTPROSJEKT 2023-2026

PROSJEKT DRIFTA AV NESBYEN TURIST- OG
NERINGSSERVICE (NTN)

STYRINGSGRUPPE M POLITISKE REP,
NÆRINGS LIV OG NESBYEN KOMMUNE.

BYGGER PÅ ERFARINGAR FRÅ ÅL.
PLP-BASERT M MÅL OM Å AUKE TRIVSEL OG

HINDRE FRÅFLYTTING. AKTIVITETAR:

- ARRANGEMENT OG MØTEPlassAR
- NÆRINGSUTVIKLING
- INFORMASJON OG SYNLEGGJERING:

"BOINESBYEN"


NORE OG UV DAL KOMMUNE

BULYSTPROSJEKT 2022-2025

LEIA AV PROSJEKTEIAR - BYGDEUTVIKLAR
MÅL: AUKE TRIVSEL OG HINDRE
FRÅFLYTTING

AKTIVITETAR:

- GNIST-PROSJEKT - KVINNEKRAFT I N&U
- MØTEPlassAR
- PIZZA MED UTFLYTTA UV DØLINGAR
- HJEMBYGDAFESTIVALEN
- STØTTE OPP FRIVILLIGHEIT MM



VEGEN VIDARE:

Haust 2022:

«Forprosjektfase» - definere mål og mandat, sette
prosjektgruppe og jobbe med innsikt

Gjennom 2023-2024:

Hovudprosjektfase: Utprøving av aktivitetar og tiltak

Medio 2025:

Avslutte prosjekt - over i drift?

ALTERNATIV 1: FORDELE ANSVAR PÅ EKISTERANDE OMRÅDER

Bulystarbeid som ein del av:

Planavdeling
Næringsrådgjevarstilling
Frivilligsentral + aktivitetsleiar
Folkehelsekoordinator
Kulturkontor
Servicetenester
...?

Ulempe:

Ingen heilheitleg koordinering, ingen “ekstraordinær” innsats




ALTERNATIV 2: GI OPPDRAGET TIL ÅL UTVIKLING

Oppgåve eller prosjekt inn under Ål utvikling etter modell av bulystprosjektet i Nesbyen? Tettare på besøkande og næringsliv, krever mindre av kommune?

Ulempe:

Kommune må likevel tildele ressursane?

Og det blir mindre kobla opp mot dei nærliggande kommunale sektorane (folkehelse, oppvekst, næring, plan osv)?






ALTERNATIV 3: ETABLERE TILFLYTTAR- TENESTE

Definere dette som kjernen i bulystarbeidet og konsentrere innsatsen rundt det? Utvide enten Frivilligsentral eller Servicetenester med naudsynte ressursar og etablere tilflyttarteneste som ein del av det?

Ulempe: Ivaretak ikkje det heilheitlege perspektivet og heller ikkje dei allerede etablerte innbyggjarane.





ALTERNATIV 4: ETABLERE BYGDEUTVIKLARSTILLING

Enten som prosjekt eller fast; etter modell frå Nore & Uvdal. Ein koordinator og eit bindeledd, leder for tilflyttarteam og med ansvar for stadsutvikling og bærekraftig lokalsamfunn?

Ulempe:
Råflott økonomisk...?





VEGEN VIDARE:

Formannskapet (styringsgruppa) ila vinteren:

- Presentere evaluering/ midtvegsrapport og få signal om kva alternativ dei ynskjer at vi greiar ut nøyare.

2024:

Bulyst vil i tillegg til å jobbe vidare med dei presenterte tiltaka også delta aktivt i planarbeid saman med t.d. Introsenteret, Kulturhuset osb.

Vidare fokus på bustadutvikling - særleg regionalt bustadutviklingsprosjekt.

Bulyst som tema på strategikonferanse for Kommunestyret 2024 eller 2025?